



# Fylkesstyrets årsmelding 2018

Årsmeldinga følgjer årsmøteperioden frå årsmøtet 24. -25. februar 2018 til 16. februar 2019.

## Del A: Gjennomføring av arbeidsplanen

Arbeidsplanen har vore det sentrale styringsdokumentet gjennom året. Både fylkesstyret og representantskapet har hatt gjennomføring av arbeidsplanen som sak på alle møta, og vurdert korleis dei ulike tiltaka skal følgast opp.

2018 var eit ikkje-valår. Arbeidet har vore konsentrert om å styrka lokallaga, få fleire aktive medlemmer, driva programarbeid og politikktutvikling, gjennomføra fylkesnominasjon og førebu listestilling i flest mogleg kommunar.

Samtidig har me også prøvd å leggja grunnlaget for vekst på lengre sikt. Spørsmålet har vore korleis oppslutninga om SV i Rogaland, men også venstresida meir generelt, kan aukast samanlikna med oppslutninga på landsbasis. Korleis kan me finna fram til ein «sosialisme på rogalandsk»?

Ein tydeleg forskjell frå tidlegare år er at medlemmer og lokallag møtest meir. Seinast i 2017 var fylkesårsmøtet på éin dag, og hadde ingen fleire felles samlingar for heile fylket. I 2018 arrangerte me to todagarsmøte: først fylkesårsmøtet i februar, og deretter haustkonferanse med nominasjon i november. Det er fylkesstyret si oppfatning at dette har styrka Rogaland SV politisk og organisatorisk.

## **Dei overordna måla for Rogaland SV i 2018 var:**

- 700 medlemmer ved årsslutt. **Resultat: 741 medlemmer.**
- 18 aktive lokallag ved årsslutt. **Resultat: 17 lokallag.**
- Liste i 18 kommunar i 2019. **Resultat: 14 lister per 14. februar, endeleg resultat er klart i mars.**
- Ei klarare oppfatning av grunnlaget og moglegheitene for auka oppslutning på lengre sikt. **Resultat: Diskusjonen er i gang.**

## **1. Politisk arbeid**

Rogaland SV har i 2019 utarbeidd og vedtatt arbeidsprogram for arbeidet i fylkestinget 2019-2023, markert oss i media på prioriterte saker, knytt sterkare band til fagrørsla og starta diskusjonen om sosialisme på rogalandsk.

Nemnda starta arbeidet med **arbeidsprogrammet** i mai. Representantskapet diskuterte eit programutkast i september, som så vart sendt ut på høyring til lokallaga. Det endelege forslaget vart sendt ut 1. november, og behandla og vedtatt på haustkonferansen 17. -18. november.

Det **utoverretta** politiske arbeidet har skjedd i form av lesarinnlegg, løpeseddelaksjonar og bruk av sosiale medium. Me har mellom anna brukt fråsegnene frå årsmøtet og merkedagar som 8. mars til å få på trykk lesarinnlegg i regional- og lokalaviser. Til miljødagen 5. juni laga me ein løpeseddel om



vern av grøntområde, som fleire av lokallaga delte ut. Facebook har vore den mest brukte plattformen for å nå ut med politikken vår. Ansvarsfordeling og strategi har vore tema i fylkestyret. Rogaland SV har også oppretta ein instagramkonto. Twitter har ikkje vore prioritert, men me har ein konto der og. Fylkesleiar Ingrid Fiskaa skriv fast i Klassekampen.

På fleire av **representantskapsmøta** har me hatt politiske innleiingar om bestemte tema, gjerne med eksterne innleiarar. I april var temaet klimapolitikk, og i mai var det planlegging for ei berekraftig framtid.

Tettare samarbeid med **fagrørsla** har vore prioritert i 2018. I september signerte Rogaland SV ein samarbeidsavtale med Fagforbundet Rogaland. Tanken er at dette kan utvidast til andre fagforbund i tida som kjem. Me har også deltatt på fleire møte med LO Rogaland.

Diskusjonen om ein **sosialisme på rogalandsk** har vore oppe fleire gonger, og vore ei rettesnor for mykje av det politiske arbeidet. Tanken er å ta tak i dei sidene ved rogalandsk næringsstruktur og identitet som per i dag kan oppfattast som hindringar for tilslutning til venstresida sine idear, og finna ut kva ved desse strukturane som utgjer eit potensiale for vekst. Vidare er spørsmålet om me bør endra sjølvoppfatning, historieforteljing og/eller politikk for å leggja grunnlaget for større oppslutning. På haustkonferansen i november hadde me to politiske innleiingar med dette som utgangspunkt: Stortingsrepresentant Torgeir Knag Fylkesnes innleia om industri- og næringspolitikk, og leiar Ingrid Fiskaa heldt eit innlegg med overskrifta «sosialisme på rogalandsk».

Rogaland SV har også deltatt i utviklinga av SVs prinsippprogram fram mot landsmøtet i 2019, og SVs valplattform til valet 2019. **Valplattformen** for den sentrale valkampen og med forslag til saker i lokale program blei vedtatt av landsstyret i september. Eirik Faret Sakariassen sat i komiteen som skreiv forslaget. Landsstyret innstilte på endringar i **prinsippprogrammet** på møtet i november. 1. -2. desember var det regional konferanse i Bergen med dette som tema. 6 medlemmer i Rogaland SV deltok på konferansen.

## 2. Organisatorisk arbeid

Rogaland SV står sterkare ved utgangen av 2018 enn ved starten. Me har fleire medlemmer, fleire aktive lokallag og eit godt utgangspunkt for å stilla fleire lister ved det komande lokalvalet enn ved valet i 2015.

Rogaland SV har hatt ein netto **medlemsvekst** på 77 medlemmer i 2018, ein auke på 12%, noko som er særleg bra med tanke på at det var eit ikkje-valår. Dette er meir enn det dobbelte av målet i arbeidsplanen, som var ein netto vekst på 36 medlemmer. Me har ikkje arbeidd systematisk med verving frå fylkeslaget si side, og den aktive verveinnsatsen har nok variert ein del frå lokallag til lokallag. Derimot har me lagt vekt på at alle nye medlemmer skal bli tatt godt imot og kontakta kort tid etter innmelding. Der det ikkje er lokallag som tar seg av dette, har nyinnmeldte blitt kontakta av fylkestyret. Me har også gjort ein stor innsats på hausten med å ringa medlemmer som ikkje hadde betalt kontingenten. Fleire lokallag har (oftast på direkte oppfordring) tatt seg av sine ikkje-betalande medlemmer, og fylkestyret/fylkessekretær fordelte dei resterande mellom seg. Likevel var det ein



del me ikkje fekk tak i, og 40 medlemmer vart meldt ut ved årsskiftet på grunn av manglande betaling.

Fylkesstyret har arbeidd systematisk med å styrka eksisterande lag og få i gang nye **lokallag**, og med å forbetra kommunikasjon og erfaringsutveksling mellom dei ulike delane av organisasjonen. Organisasjonsbygging har vore fast sak på alle representantskaps- og fylkesstyremøte. Fylkesstyrets medlemmer har fordelt ansvaret for lokallaga mellom seg, og har hatt jamleg kontakt med desse. På kvart fylkesstyre har dei ansvarlege lokallagskontaktane rapportert om tilstanden i laga «sine». Etter at Klepp SV vart reetablert hausten 2017, har det vore prioritert å få i gang Sola SV i 2018. Arbeidet vart krona med siger då Sola SV heldt årsmøte 30. januar 2019, der styre og listetoppar vart valde. I tillegg har fylkesstyret særleg følgt opp Tysvær og Sauda av dei eksisterande laga, og arbeidd med å få på plass lister i Randaberg og Sokndal. Dette arbeidet held fram i 2019. Ved årsskiftet hadde Rogaland 17 lokallag inkludert Sola. Finnøy SV vart slått saman med Stavanger SV frå januar 2019, slik at me i februar 2019 har 16 lokallag. Dersom me får i gang Randaberg og Sokndal, vil målet om 18 lokallag vera nådd.

I løpet av året har me styrka samarbeidet mellom dei **folkevalde** på fylket og i kommunane. Representantskapet har utnemnt ein folkevalt-koordinator som har i oppdrag å leggja til rette for erfaringsutveksling. På årsmøtet hadde me ei eiga samling for dei folkevalde, det er oppretta ei e-postliste, og samarbeid mellom folkevalde var tema på representantskapsmøtet i september.

**Nominasjonane** til fylkes- og kommunevalet starta opp og vart delvis fullført i 2018. Rogaland SVs nominasjonsnemnd vart valt på årsmøtet i februar, og hadde sitt første møte i april. Nominasjonen var tema på representantskapsmøtet i mai, og lokallaga fekk frist 30. mai for å fremma forslag til lista. Første utkast til liste vart sendt ut på høyring tidleg i september, med frist for tilbakemelding 1. oktober. Den ferdige innstillinga vart så sendt ut 18. oktober, og nominasjonsmøtet var 18. november. Tre lokallag fullførte også nominasjonane før årsskiftet. Innan fylkesårsmøtet startar har 14 lokallag nominert sine kandidatar. Fylkesstyret har hjelpt til med listestillinga i dei laga som har hatt behov for det.

Rogaland SV har arrangert **opne møte med stortingsrepresentant Solfrid Lerbrekk** ulike stader i fylket i løpet av året, der tanken særleg har vore å invitera nye medlemmer. Målet var å ha to møte kvart halvår, eitt i nordfylket og eitt i sørfylket. Av ulike grunnar har ikkje alle møta blitt arrangert som planlagt, men me har hatt møte i Eigersund i mai, i Tysvær i oktober og i Sola i november. Dette kjem i tillegg til andre reiser og besøk som Solfrid har gjennomført i fylket, men som ikkje har vore i regi av fylkeslaget.

Den største satsinga i løpet av 2018 utanom fylkesårsmøtet var **haustkonferansen** i Haugesund 17. - 18. november. Dette var ein kombinert politisk konferanse og nominasjonsmøte, og me vedtok arbeidsprogrammet for fylkestingsperioden 2019-2023. Haustkonferansen var godt besøkt, gav politisk påfyll og inspirasjon, og sveisa fylkeslaget tettare saman. Stortingsrepresentant Torgeir Knag Fylkesnes og fylkesleiar Ingrid Fiskaa innleia. Det var etter fylkesstyret si meining ein god idé å ha arrangementet i nordfylket, då det gjer at SV viser meir igjen fleire stader i fylket.



Medlemmer frå Rogaland SV deltok også på ein **regional konferanse** i Bergen i desember, der temaet var prinsippprogrammet. Arrangementet var eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland SV. Det har ikkje vore større sentrale arrangement i 2018.

Rogaland SV har styrka **økonomien** i løpet av 2018. Samtidig som eit auka aktivitetsnivå har medført større utgifter, har me også hatt god økonomistyring, og kjem ut med eit sterkare resultat enn budsjettet. Inntektssida er dominert av den offentlege støtta, og det var eit mål i arbeidsplanen å auka dei eigne inntektene ved å få fleire til å bli faste givarar. Dette har me ikkje jobba så mykje med, og målet er ikkje oppnådd.

Me har hatt noko samarbeid med **Rogaland SU** i perioden, og har hatt ein kontaktperson for SU i fylkesstyret.

## Del B: Faktadel

### **1. Årsmøtet 2018**

Rogaland SV sitt årsmøte for 2018 blei arrangert på Folkets hus i Stavanger 24. -25. februar 2018.

Innleiarar var nestleiar i SV Kirsti Bergstø, stortingsrepresentant Solfrid Lerbekk og områdeleiar i Industri Energi Ommund Stokka.

49 delegatar frå 13 lokallag og SU deltok. I tillegg deltok fleire observatørar og gjestar.

Årsmøtet godkjente årsmeldingar og rekneskap, vedtok vedtektsendringar, arbeidsplan og budsjett og valde tillitsvalde.

Årsmøtet vedtok også 12 fråsegner: 1) Gi amnesti til de lengeværende kvinnene nå, 2) Nei til nedlegging av 2 øst, 3) SV vil innføre aldersgrense for omskjæring av gutter, 4) Stor mangel i skolehelsetjenesten, 5) Bryt Israel-samarbeid, UIS, 6) Rogaland SV seier nei til EUs energiunion, 7) Tyrkias angrep på kurdere i Syria, 8) Fullfinansiering av nytt sykehus, 9) Rogaland SV vil ha mer miljømerking, 10) Vern om starten på livet, 11) Undervisning om vald og overgrep må inn i barnehagane, 12) Reforhandling av EØS-avtalen er en nødvendighet.

### **2. Haustkonferanse og nominasjonsmøte**

Helga 17. -18. november 2018 arrangerte Rogaland SV ein politisk konferanse kombinert med nominasjonsmøte og behandling av arbeidsprogram for 2019-2023.

Innleiar var stortingsrepresentant Torgeir Knag Fylkesnes om industri- og næringspolitikk, og fylkesleiar Ingrid Fiskaa om sosialisme på rogalandsk.

57 delegatar frå 15 lokallag og SU deltok. I tillegg deltok fleire observatørar.



### 3. Representantskapet

I perioden har representantskapet bestått av fylkesstyret og desse representantane frå lokallaga:

Eigersund SV: Martin Liland, med Kristin Hovland som vara

Hå SV: Odd Øverby, med Bente Iversen som vara

Time SV: Michael Evans, med Annie Prestegård som vara

Klepp SV: Siv Oltedal, med Audun Østevik som vara

Sandnes SV: Eva-Tone Breivik

Stavanger SV: Turid Tafjord, med Paal Kloster som vara

Strand SV: Jan Erik Bratteli, med Audun Grødem som vara

Hjelmeland SV: Åsmund Sigmundstad, med Egil Ulvestad som vara

Suldal SV: Heine Mo Willig, med Tone Mari Sand som vara

Vindafjord SV: Guri Ravatn, med Henriette Prytz og Olav M. Skigelstrand som vara

Haugesund SV: Signe Norbotten, med Knut Oaland som vara

Karmøy SV: Monika Kvilhaugsvik.

Gjesdal SV har i praksis vore representert gjennom fylkesstyremedlem Lars Helge Strand. Finnøy SV, Sauda SV og Tysvær SV har ikkje møtt i representantskapet i 2019.

Representantskapet har hatt fem møte i årsmøteperioden og behandla 35 saker (før møtet 16. februar).

Representantskapet vedtok desse fråsegnene: 1) Bybanen er framtida (april), 2) Rein kraft til industri i Norge (april - til landsstyret), 3) Vern av markaområder i Rogaland (mai).

### 4. Fylkesstyret

Fylkesstyret har i perioden bestått av:

Ingrid Fiskaa, leiar

Fredrik Sele, nestleiar. Sjukmeld frå mai, trekte seg i september.

Lars Helge Strand, kasserar

Anette Opheim, styremedlem. Konstituert politisk nestleiar frå desember.

Ivar Teigland, styremedlem. Konstituert organisatorisk nestleiar frå desember.

Jeanette Lea Romslo, styremedlem

Øyvind Stålesen Åfløy/Pernille Fiskum Hatland, SU

Aastein Aase, 1. vara. Fast medlem frå oktober

Annie Prestegård, 2. vara. Første vara frå oktober

Martin Liland, 3. vara. Andre vara frå oktober

Fylkesstyret har hatt ni møte i årsmøteperioden og behandla 69 saker.



## 5. Komitear og utval

### Kontaktpersonar i RSV for dei sentrale utvala (valde av representantskapet i april):

Internasjonal kontakt: Aastein Aase, Sandnes SV

Kvinnepolitisk leiar: Anette Opheim, Suldal SV og fylkesstyret

Miljøpolitisk kontakt: Heidi Bjerga, Sandnes SV

Fagleg kontakt: Monika Kvilhaugsvik, Karmøy SV

Inkluderingskontakt: Ida May Lea Hagen, Sola SV

EU/EØS-kontakt: John Terje Nordskog, Karmøy SV

### Valnemnda

Eva-Tone Breivik, Sandnes SV (leiar)

Hallgeir Langeland, Stavanger SV

Lars Helge Strand, Gjesdal SV

Tone Mari Sand, Suldal SV

Monika Kvilhaugsvik, Karmøy SV

Øyvind Stålesen Åfløy, SU

### Nominasjonsnemnda

Mads E. Tjøtta, Strand SV (leiar)

Hallgeir Langeland, Stavanger SV

Annie Prestegård, Time SV

John-Terje Nordskog, Karmøy SV

Nina Eltervåg, Sandnes SV

Ingrid Fiskaa, Rogaland SV

Lars Utne Vaage, SU

### Arbeidsprogramnemnda

Monika Kvilhaugsvik, Karmøy SV (leiar)

Martin Liland, Eigersund SV

Anniken Tjøstheim, Strand SV

Anette Opheim, Suldal SV og fylkesstyret

Paal Kloster, Stavanger SV

Lars Utne Vaage, SU

### Folkevaltkoordinator

Paal Kloster, Stavanger SV

### Revisor

Tove Solli trekte seg i oktober, og vart erstatta av Malcolm Mcdonald.

### Fylkessekretær

Olav Oaland Rawcliffe har vore tilsett i 50% stilling.



## 6. Sentrale verv

### Landsstyret

Ingrid Fiskaa, landsstyrerepresentant  
Fredrik Sele, 1. vara (til oktober)  
Heidi Bjerga, 2. vara (1. vara frå oktober)  
Lars Helge Strand, 3. vara (2. vara frå oktober)

Eirik Faret Sakariassen, sentralstyremedlem

### Sentrale utval

Ingrid Fiskaa, medlem av internasjonalt utval  
Eirik Faret Sakariassen, medlem i programgruppa for politisk plattform til lokalvalet.

## 7. Medlemmer og lokallag

Lokallag	Medlemmer 31.12.17	Medlemmer 31.12.18	Endring
Eigersund	21	27	6
Finnøy	9	9	0
Gjesdal	12	14	2
Haugesund	60	67	7
Hjelmeland	9	12	3
Hå	20	23	3
Karmøy	50	54	4
Klepp	11	17	6
Randberg*	4	5	1
Rennesøy*	5	6	1
Sandnes	91	101	10
Sauda	13	14	1
Sola	19	23	4
Stavanger	226	249	23
Strand	20	20	0
Suldal	18	18	0
Time	42	42	0
Tysvær	13	15	2
Vindafjord	17	20	3
Direktemedlemmer	4	5	1
<b>Rogaland</b>	<b>664</b>	<b>741</b>	<b>77</b>

\* ikkje aktive lokallag